



Sjå til at sekken med plastavfall er festa til papirdunken. Knyt fast eller bruk krok.

Redaksjonen har i dag motteke meldingar om papir og plast som er på ville vegar. I vind med kuling styrke ramlar bosdunkane over ende og papir bles med vinden. Dersom ikkje plast i sekker er festa til papirdunken, kjem dei ofte på avvegar. Dette var godt synleg i dag, tysdag 18. februar, på hentedagen.

Dersom det let seg gjera må pairdunken med sekken for plastavfall setjast ut same dagen som det er henting. Dersom ein set ut kvelden før, må ein sjå til at dunken står og ikkje kjem på ville vegar.

I dag flaut det med papir mange plassar i bygda. I strandsona på Rød vart det funnen to sekker med plast. Papir er ein ting. Det vert som oftast nedbrote av naturen over tid. Plasten ligg og vert til slutt til mikroplast, skadeleg for dyr og fuglar.

SIM har klare føringar for plaatsortering. Alle vert oppmoda om å festa sekken til papirdunken på tømmedagen.

Det vert presisert at brukaren ser til at sekken ikkje vert teken av vinden. Mange brukar krokar for å få til eit funksjonelt og godt feste. Krokane er å få på SIM, Husnes.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat